# Meland kommune

Liv Vika Furnes
Fosse 70
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 20.06.2014 |
| Vår: 14/2572 - 14/9855 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - oppføring av takoverbygg v/inngangsparti bustad på gbnr 25/112.

**Administrativt vedtak. Saknr: 164/2014**

**Tiltakshavar:** Liv Furnes
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

**Saksutgreiing:**
Det vert vist til søknad motteke 28.05.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av takoverbygg v/inngangsparti på bustad på gbnr 25/112.

**Vurdering:**

Planstatus:
Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjonshandsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:
Tiltaket er nabovarsla . Det er ikkje motteke merknader til varselet og varsla nabo har samtykka til tiltaket. Naboeigedomane - gbnr 25/9, 25/11 og 129 – er ubebygde eigedomar. Omsøkt tiltak er av liten karakter, i medhald av Pbl § 21-3 vert det gjeve fritak for nabovarsling for desse eigedomane.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:
Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 28.05.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløysing og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløysing og er i samsvar med Pbl § 29-1.

**VEDTAK:**

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av takoverbygg v/inngangsparti på bustad på gbnr 25/112 i samsvar med søknad motteke 28.05.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 28.05.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.
Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

**Klage**
Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Lillian Straumøy Brakstad<br>konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Liv Vika Furnes | Fosse 70 | 5918 | FREKHAUG |